



DEN NORSKE KYRKJA
Solvorn sokneråd

dok 375

| | |
|----------------------|------|
| Kultur- og kirkelep. | |
| 200800738 8.9.08 | |
| Ki-501 | Beh. |

Postboks 93
6866 GAUPNE
Tlf: 57685648
Faks: 57685646

Kultur- og kirke departementet
Kirkeavdelingen, postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Gaupne, 29.08.2008
Vår sakshandsamar: Marianne Moseng
Vår ref.: 08/00005-003
Arkivkode: 002.9

HØYRING - STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE

Solvorn sokneråd har i møte 26.08.08, sak 027/08, gjort slikt vedtak:

” Solvorn sokneråd ser positivt på dei ulike framlegga til tiltak innstillinga skildrar om styrking av demokratiet i Den norske kyrkja. Framlegga verkar interessante og fornuftige ut frå målsetjingane.

Dei viktigaste framlegga er etter vårt syn dei tiltaka som handlar om å styrke valdeltakinga ved soknerådsvala. Ein felles kyrkjeleg valdag, som fell saman med Stortingsvalet, har synt seg positivt der det er prøvd ut. Det er også viktig med styrking av informasjon om kandidatar, røysterett og gjennomføring av valet.

Solvorn sokneråd meiner at tilføring av ekstra ressursar, slik det også går fram av instillinga, er ein klar føresetnad for å gjennomføre dei tiltaka som er lagde fram.

Solvorn sokneråd sluttar seg til framlegget om å auke delen av leke medlemmer i Bispedømerådet (BDR) og at desse skal veljast ved direkte val. Me trur at dette kan styrkje oppfattinga av BDR og Kyrkjemøtet som ”folkevalde” organ.”

Venleg helsing

Marianne Moseng
Marianne Moseng
Kyrkjelydssekretær